

Askvoll kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 05.12.2014

Møtetid:

Kl. 09:30 – 12:45

Møtestad: Askvoll kommunehus,
møterom 2. etg.

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
	Jorunn Ringstad, leiar	X		
	Ole Andreas Myrstad, nestleiar	X		
	Ruben Fedøy	X		
	Kjellaug Mikalsen	X		
	Kåre Haugen	X		
	Varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Jorunn Blom Aalen			
2	Fritz Hugøy			
3	Reidar Fristad			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme			
	Rådmann Håkon Loftheim i sakene 030, 032, 033 og 034/14			
	Kommunalsjef for oppvekst Kristen Holt og rektor Frank Ask ved Askvoll skule i sak 029/14			
	KRYSS Revisjon v/ Charles Litsheim i sak 031/14 og Asgeir Tveit i sakene 032-034/14			

Sak nr.	Sakstittel
027/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/14	Skriv og meldingar
029/14	Rådmannen informerer om Askvoll kommune sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø
030/14	Rådmannen informerer om oppfølging av funna i forvaltningsrevisjonsrapporten om innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune
031/14	Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt - Kontroll av sjølvkostberekningar på VA-sektoren
032/14	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014
033/14	Prosjektrekneskap - Rehabilitering Askvoll kyrkje prosjektnr. 1623
034/14	Prosjektrekneskap - Bulandet vassverk prosjektnr. 2110
035/14	Oppfølgingsliste 5-2014
036/14	Eventuelt

Underskrifter:

Jorunn Ringstad, leiar

Ole Andreas Myrstad

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Haugen

SEKOM-sekretariat v/A.V.Alme

027/14: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Samrøystes vedteke.

ASK-027/14 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

028/14: Skriv og meldingar

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Samrøystes vedteke

ASK-028/14 Vedtak:

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

029/14: Rådmannen informerer om Askvoll kommune sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjonen om Askvoll kommune og Askvoll skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø til vitande.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Kommunalsjef for oppvekst Kristen Holt og rektor Frank Ask ved Askvoll skule møtte og informerte om kva Askvoll kommune og Askvoll skule har gjort i forhold til elevane sitt psykososiale miljø, etter tilsynet frå Fylkesmannen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-029/14 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om Askvoll kommune og Askvoll skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø til vitande.

030/14: Rådmannen informerer om oppfølging av funna i forvaltningsrevisjonsrapporten om innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rådmannen til vitande.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Rådmann Håkon Loftheim og økonomisjef Nina Haugstad møtte og informerte om kva som var gjort i forhold til funna i forvaltningsrevisjonsrapporten om innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune. Rådmannen delte ut skjema Rutine – framgangsmåte ved innkjøp av varer og tenester.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-030/14 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rådmannen til vitande.

031/14: Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt - Kontroll av sjølvkostberegningar på VA-sektoren

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan datert 18.11.2014 frå KRYSS Revisjon for forvaltningsrevisjonsprosjektet– Kontroll av sjølvkostberegningar på VA-sektoren Askvoll kommune, vert godkjent.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim møtte og gjekk igjennom prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt – Kontroll av sjølvkostberegningar på VA-sektoren.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-031/14 Vedtak:

Prosjektplan datert 18.11.2014 frå KRYSS Revisjon for forvaltningsrevisjonsprosjektet– Kontroll av sjølvkostberegningar på VA-sektoren Askvoll kommune, vert godkjent.

032/14: Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå KRYSS Revisjonen om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

KRYSS Revisjon v/Asgeir Tveit møtte og informerte om rekneskapsrevisjonen for 2014 og revisjonsarbeidet generelt. Presentasjonen som vart gjennomgått vart også delt ut i papirformat.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-032/14 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå KRYSS Revisjonen om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

033/14: Prosjektrekneskap - Rehabilitering Askvoll kyrkje prosjektnr. 1623

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 27.10.2014 for Rehabilitering Askvoll kyrkje.

Under føresetnad av at mindreforbruket på kr 30.361 vert omdisponert i samsvar med regelverket, har ikkje kontrollutvalet merknad til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Jorunn Ringstad informerte om at ho er med i Soknerådet og ho hadde mynde til å attestere rekningar for Rehabilitering Askvoll kyrkje. Ole Andreas Myrstad er leiar i Soknerådet i Askvoll. Dei vart vurdert til å vere habil til å handsame saka.

Rådmann Håkon Loftheim og økonomisjef Nina Haugstad møtte og gjekk igjennom prosjektrekneskapen for Rehabilitering Askvoll kyrkje. KRYSS Revisjon v/Asgeir Tveit møtte i saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-033/14 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 27.10.2014 for Rehabilitering Askvoll kyrkje.

Under føresetnad av at mindreforbruket på kr 30.361 vert omdisponert i samsvar med regelverket, har ikkje kontrollutvalet merknad til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

034/14: Prosjektrekneskap - Bulandet vassverk prosjektnr. 2110

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 31.10.2014 for Bulandet vassverk.

Under føresetnad av at meirforbruket på kr 1.031.075 vert dekkja i samsvar med regelverket, har ikkje kontrollutvalet merknad til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Rådmann Håkon Loftheim og økonomisjef Nina Haugstad møtte og gjekk igjennom prosjektrekneskapen for Bulandet vassverk. KRYSS Revisjon v/Asgeir Tveit møtte i saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

ASK-034/14 Vedtak:

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 31.10.2014 for Bulandet vassverk.

Under føresetnad av at meirforbruket på kr 1.031.075 vert dekkja i samsvar med regelverket, har ikkje kontrollutvalet merknad til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

035/14: Oppfølgingsliste 5-2014

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Samrøystes vedteke.

ASK-035/14 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

036/14: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Askvoll kontrollutval 05.12.2014:

Framlegg til vedtak:

1. møte i 2015 vert måndag 26. januar kl. 9:30

ASK-036/14 Vedtak:

1. møte i 2015 vert måndag 26. januar kl. 9:30